

Restaurering av Keisar Wilhelms-sti

Briksdal, Stryn kommune



Foto: Utmarksressurs AS

- rapport med tilråding for tiltak -

2021

Innhald

1 Bakgrunn.....	3
2 Gardsdrift, historisk bruk.....	4
3 Metode.....	5
3.1 Ordforklaringar.....	5
3.2 Handtere vatn, profil på sti.....	6
3.3 Handtere vatn, stikkrenner.....	6
3.4 Grus-/stein-sti	8
3.5 Sikring av blottlagt terreng.....	9
4 Skildring av tiltak.....	10
4.1 Tilstand og bruk.....	10
4.2 Tilråding.....	10
5 Kjelder.....	17
6 Vedlegg.....	17

Bilde 1, framside. Keisar Wilhelms-sti, eit 130 år gammalt flott kulturminne.

1 Bakgrunn

Briksdalsbreen i Oldedalen er ein av dei største naturattraksjonane i Norge, og det mest besøkte turistmålet i Jostedalbreen Nasjonalpark. Historia fortel at turistar i dalføret starta sporadisk å dukke opp midt på 1850-talet. Men det var først då vegen frå vatnet (Rustøy) og inn til Briksdal kom i 1890 at det verkeleg auka på. Det var då båtskyss over Oldevatnet, med vidare hesteskyss frå Rustøy til Briksdal (lokalhistoriewiki.no).

Sidan folk tok busetjing på garden Briksdal lengst nede i dalføret har der nok vore ein sti opp til Kleivane. Men i 1880 byrja Anders Briksdal på ei rås med mål om å lette ferdseien for hest og kyr. Før dette fortel historia at «når ein var 2 mann gjekk det å få opp kyr». I åra etter gjekk Den Norske Turistforeining (DNT) inn med kr 60,- til vøling av stien. I 1886 søkte Anders Briksdal og Jens Rustøen turistforeininga om kr 600,- til å setje i stand stien. Dei fekk kr 400,-, mot at dei sette inn same verdien sjølve. Bygdefolket var med på arbeidet, og med Anders Briksdal i spissen var kløvje/køyreveg for slede ferdig opp på Kleivane og inn til breen i 1889 (P. Briksdal pers. medd.).

Keisar Wilhelm (1859-1949) vitja Norge og Vestlandet fleire gonger med skipet Hohenzollern. I 1889 var keisaren i Briksdalen og nytta stien opp til breen (lokalhistoriewiki.no). Strekinga opp siste terskelen til Kleivane fekk etter dette namnet Keisar Wilhelms-sti. Med den nybygde vegen kunne nok bygdefolket komfortabelt og trygt kløvje det celebre turfølgjet opp på Kleivane.

Oldedalen skysslag vart stifta i 1923. Vegen på sørsida forbi Kleivafossen vart påbegynt tidleg på 1920-talet, og stod ferdig i 1928. I 1955 kom vegen langs vatnet frå Olden til Oldedalen, og hesteskyssen sitt startpunkt vart flytta frå Rustøy til Briksdal Fjellstove. Hesteskyssen gjekk då frå fjellstova og opp til Kleivane fram til 2003, då bilar tok over (www.briksdal.no). Før det spesielle året 2020 hadde ein rett under 300 000 besøkande i Briksdalen per år, der ein stor del av dette var utanlandske turistar. Dette talet har ein frå personteljar ved innfallsporten, der alle må passere for å kome inn på vegen opp mot breen. Talet er litt usikkert då teljar truleg har vanskar med å skilje på personar som går skulder ved skulder (Per Briksdal pers. medd.) Mellom 22 og 31% av dei besøkande i Briksdalen er reisande med person-/bu-bil (Restaurering av patentrute, Kattanakken, Jostedalbreen nasjonalpark. Utmarksressurs AS 2018). Dei resterande er turistar som kjem med turistbuss, enten over land eller med skyttelbuss frå cruisebåt-anløp.

Både med tanke på bevaring, men og det høge besøkstalet i Briksdalen, ønskjer grunneigar å restaurere stien. Nasjonalparkgrensa ligg 700 meter lenger inne i dalføret, og stien ligg såleis i innfallsporten til nasjonalparken. Utmarksressurs AS har fått i oppdrag av styret for Jostedalbreen nasjonalpark å utarbeide ei tilråding for restaurering av Keisar Wilhelms-sti.

Keisar Wilhelms-sti er ikkje nemnd i Stryn kommune sin kommunedelplan for kulturminne (stryn.kommune.no). I miljødirektoratet si digitale kartløyising naturbase finn ein at dalføret Briksdalen er registrert som eit friluftsområde med områdeverdi svært viktig. Ein finn også at det er registrert eit areal med slåttemark, og eit med hagemark aust for enden av stien. I lokaliteten med hagemark, som ligg nærast, er det også registrert eit SEFRAK-bygg som ligg om lag 30 meter frå austre ende av stien. Del av hagemark stien grensar mot er fjell som stikk opp i dagen og utan vegetasjon (kart.naturbase.no).

Ein har vore i kontakt med Vestland fylkeskommune vedrørande om der er omsyn ein må ta når det kjem til kulturarv. Keisar Wilhelms-sti er heller ikkje registrert som eit kulturminne hos fylkeskommunen, og her er ikkje kjende automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med eventuell anleggsverksemd i dette område.

I naturbase finn ein også at NVE har kartlagt aktsemd-soner for flaum langs hovudvassdraget i dalen. Austre ende av stien ligg i denne buffersona.

2 Gardsdrift, historisk bruk

Denne første stien opp langs nordsida av Kleivafossen til Kleivane var nok i bruk før 1880. Med tilskotet frå DNT som kom i 1880-åra er det klart at ein del av formålet med bygging av stien var turist-trafikk. Men at vegen også er bygd med tanke på ferdsel for kyr og hest ser ein tydeleg igjen i linja som er vald. Oppe på Kleivane var gode areal med utmarks-slått, det er kjent at ein til og med gjorde slått i skredene på nordsida av dalen 650 moh. (Rasmus Aabrekk pers. medd.). I dalføret i dag kan ein finne spor etter utnyttning av utmarksressursane gjennom murane etter fleire ute-lader. Og fleire store tre med ei form som viser at dei har vore nava. Dette er spesielt seljer, men i nær tilknytning til Kleivane er også om lag 20 gamle nava bjørker.

Gjennom nokre av partia, spesielt gjennom svingane, kunne ein vald å gå meir «rett på» i ei kortare linje med trapper. I staden er det vald å bygge til dels høge støttemurar gjennom lange kurver, og utan krappe svingar. Praktisk nok er stigninga teken over ein lengst mogleg distanse. Ein god kusk saman med ein erfaren hest vil ha lite problem med å køyre Keisar Wilhelms-sti, sjølv med ein slede med lass. Vegen som stod ferdig i 1889 letta nok gardsdrifta mykje.

Linja vegen går, bredde og andre premissar er derfor lagd. Restaurering her dreiar seg om å ta i vare det gamle der det ligg. Først og fremst er det dei flotte støttemurane som er kulturminne, og dei må takast i vare. Dette betyr å få kontroll på og lede vatnet slik at det ikkje øydelegg, og sørge for at vegetasjon og skog med røter ikkje får vekse fram å gjere dei gamle murane ustabile.

Sjølv om kyrne på slutten av 1800-talet var ein del lettare enn dagens melkekyr, så var det nok også då å føretrekkje å ferdast langs eit underlag som var fast og utan trappetrinn. Langs mange av våre turstiar som er bygde på 1800-talet kan ein sjå spor etter bruk av trinn langs dei brattaste strekningane. Nokon av trinna kan ligge meir eller mindre intakte, men låsing har ofte ikkje tolt over 100 år med slitasje, og trinn har glide ut av posisjon. Slike spor etter gamle trinn er lite å sjå av på Keisar Wilhelms-sti. Ein kan ikkje utelukke at der opphavelig har vore lagt inn eit og anna trinn på dei brattaste stadane, men det synest mest truleg at her har vore lausmasser som toppdekkje langs heile distansen (sjølv sagt med unntak av der stien går over sva lengst oppe). Så har grov stein som ligg att i dag kome opp og fram som følgje av slitasje og erosjon av overflatevatn gjennom 130 år.




Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 2. Keisar Wilhelms-sti går oppover på nordsida av Kleivafossen.

3 Metode

Med historia og dagens behov som utgangspunkt presentera vi her nokre av teknikkane som kan nyttast ved ei restaurering. Jf. bilde under kan ein gjere ei skånsam og fullgod restaurering på ein gammel ferdsleveg ved hjelp av små maskiner. Med erfaring frå fleire liknande prosjekt er vår tilråding å nytte ei lita beltegåande gravemaskin og ein beltegåande lastar. Det er kanskje mogleg å nytte ein hjulgåande lastar i nedre del, men i øvre delar må ein grunna stigningsforhold inn med ein beltegåande lastar. Med tanke på støttemurane og at desse kan kome ut av stilling må ein ha ei forsiktig tilnærming ved bruk av beltegåande maskiner.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 3. Eksempel maskinelt restaureringsarbeid på ein gammel sti. Med den samanhengande distansen som skal restaurerast er det føremålstenleg å gjere arbeidet på stien maskinelt, med små maskiner tilpassa arbeidet som skal utførast.

3.1 Ordforklaringar

Travers	Strekning der stien går horisontalt langs fjellside utan stor høgdeskilnad.
Hengside	Side av sti mot heng (fjell).
Dalside	Side av sti mot dal

3.2 Handtere vatn, profil på sti

På ein svært nedsliten sti er å endre profil eit veldig viktig grep. Å få vatnet til å gå der det skal er det viktigaste tiltaket på stien. Somme stadar har det over tid danna seg forseinkingar langs stien som «fangar» vatnet. Fin-masser er vaska vekk og att ligg grov rullestein. Løysing er å heve indre del av stien slik at kanten på dalside ligg lågare, vatnet får då fri bane rett utover og det samlar seg ikkje lenger som ein bekk i sti-faret. Dei grove fraksjonane som ligg i stien i dag vil drenere godt saman med tilførd pukk.



Bilde 4.

Eksempel maskinbygd sti. Ved all bygging av gang-sti må ein alltid legge inn godt fall utover, slik at vatn blir drenert vekk. Mot dalside kan ein ikkje ha noko kant som møter vatnet, overflate på sti «må gå i null» mot terrenget utover. Midt i bildet er det lagt inn ein tversgåande spalt.

Foto: Utmarksressurs AS

3.3 Handtere vatn, stikkrenner

Kombinasjonen stor trafikk som skapar slitasje og vatn har saman stort potensial til å skape erosjon og øydelegging av stiar. I område med mykje vatn, om det er forårsaka av regnvatn eller smeltevatt om våren, er derfor kontroll og styring av vatn det viktigaste for bevaring av ein sti. Der det naturleg kjem vatn langsetter søkk og inn mot stien må det byggast stikkrenner for å lede vatnet forbi. Vår tilråding er opne stikkrenner, ein unngår med dette at rør tettar seg. Ei godt bygd stikkrenne med god funksjon er dessutan eit pent element på eit einsarta toppdekke av grus. På Keisar Wilhelms-sti trauar ein ut på tvers av stien, retning og lengd vert bestemt av terrenget og breidda på staden. Botnen av stikkrenner vert steinlagt for å halde på lausmasse. Steinen som held kantane på plass stikk djupare enn steinen i botnen, og vert på denne måten låst. For å vere mest mogleg sjølv-reinsande må det vere godt fall på stikkrenna.

I Briksdalen og på Keisar Wilhelms-sti ferdast folk med veldig ulik føresetnad for ferdsel i ulendt terreng. Det er derfor viktig at dei opne stikkrennene er breie, grunne og lette å passere. Djupna kan vere berre 5-10 cm, og gjerne djupast i nedre kant. Alt etter behov for kapasitet må dei vere så vide at du kan sette minst eit steg ned i. Med det grunne jordsmonnet i område, over terrenget som er dominert av sva, er her til tider mykje overflatevatn. Å ta høgde for flaumtoppar gjennom veldig god breidda på renner vil vere ei god forsikring.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 5. Døme på ei maskinelt bygd solid og sterk stikkrenne. Renne er grunn, har god kapasitet og godt fall. I øvre kant av bilde ser ein eksempel på ein spalt som er med på å halde på grusen i det bratte partiet.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 6. Manuelt bygd langsgåande stikkrenne. Når vatnet kjem ned fordelt over ei strekning kan ei langsgåande stikkrenne vere nødvendig, før ein slepp vatnet over og vekk frå stien gjennom ei tversgåande renne.

3.4 Grus-/stein-sti

Både med tanke på opphavleg stand og dagens bruk, tilrårar vi bruk av grus som toppdekke langs heile stien. Parallelt med at ein tek i vare alle intakte murar får ein på plass eit berelag av pukk, som ein brukar til å forme profilen på stien med. Som toppdekke nyttar ein grus med fraksjonsstorleik 0-16mm.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 7. Døme på sti bygd maskinelt. Ved bygging av gang-sti må ein alltid legge inn godt fall utover, slik at vatn blir drenert vekk. Mot dalside kan ein ikkje ha noko kant som møter vatnet, overflate på sti «må gå i null» mot omkringliggende terreng.

Dersom behov kan ein legge inn nokre trinn på dei brattaste stadane. Steintrapper og hellelegging er svært haldbart, det held på lausmasser og hindrar erosjon. Der det er svært bratt (over 25 grader) og i våte parti er bruk av stein nødvendig. Så bratte parti har ein lite av på Keisar Wilhelms-sti, det kan berre vere aktuelt å legge inn nokre trinn på dei aller brattaste stadane. Dersom det er behov for trinn skal stein til bruk ved bygging av trapper/hellelegging alltid vere av same bergart som er på staden. Dette betyr at dersom ein fraktar stein inn frå ein annan stad må ein sørge for at bergarten er av same type.

3.5 Sikring av blottlagd terreng

Der ein skapar ei skjering mot hengside må ein sikre mot erosjon. Dette kan gjerast ved å skråstille heller mot bakken mot heng-side. For eit stabilt resultat må heller stikkast djupt ned i grunnen. Torvmatter som ein skavar av må alltid skånsamt takast vare på, og leggest attende som revegetering på blottlagd terreng.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 8. Døme på manuelt bygd sikring av heng-side med skråstilte heller.

Restaurering av ein sti har mange positive verknader:

- Bevaring/synleggjering av eit viktig kulturminne
 - Mange vegar frå eldre tider er kulturminne. Ein har høve til å syne fram kulturminne på ein informativ og positiv måte, bevaring gjennom synleggjering
- Hindrar erosjon og terrengslitasje ved å styre ferdsla til ein robust sti
 - Ferdsel over beresvakt terreng kan medverke til erosjon
- Legg til rette for det enkle friluftslivet
 - Med ein tydeleg og god sti stimulera ein til bruk, folkehelse
- Berekraftig reiselivstiltak
 - Tiltak er positivt for både reiseliv- og næringsliv
- Verdiskaping
 - Tiltaket kan gje arbeidsoppdrag til fleire lokale bedrifter
 - Positiv lokal, regional og nasjonal ringverknad for ein rekkje aktørar
- Positiv synleggjering av område
 - Kan gje medieoppslag lokalt og nasjonalt

4 Skildring av tiltak

Stad:	Briksdal, Stryn kommune
Startpunkt for synfaring:	Ved sti-kryss ved nedre del av Kleivafossen
Endepunkt for synfaring:	Ved bru på Kleivane
Total distanse:	365 meter
Tal besøkande:	Nær 300 000 per år til Briksdalsbreen, nokre 10 000 av desse går truleg Keisar Wilhelms-sti.

4.1 Tilstand og bruk

Med det todelte historiske formålet til stien, med føring av buskap/køyring av hest med slede som det eine, var toppdekke lausmassar og ikkje steintrapper. Bruken i dag er utelukkande friluftsføremål, vandring opp/ned dalføret mot Briksdalsbreen. Lengd/høgdemeter plassera turen i kategorien lett (grøn), og er såleis eit overkomeleg turmål for dei fleste.

I eit normalår er det truleg nokre 10 000 som passera over stien, men dette er berre ein brøkdel av trafikken som er langs hovudvegen opp til Kleivane. Her er linjeslitasje heile vegen, med unntak av ved sva i øvre del. Her er noko punktslitasje, ein ser at besøkande blir trekt fram på kanten for utsikt ned mot Kleivafossen/nedover dalen. Og mot elva og det smale skardet i fjellet som elva går gjennom. Når ein har brua med fossedrevet frå Kleivafossen nede, som er eit av dei mest populære fotopunkta på turen, så vil det sjølvstundt vere mest trafikk langs hovudåra oppover. Men stien forbi sørsida av fossen kan avlaste enno meir ved ei eventuell restaurering, og då truleg spesielt for folk som er på retur. Slik sett er det viktig å gje inngongen oppe eit solid løft som gjer den meir innbydande å slå inn på. Det må breddast godt ut, og ein må etablere eit tydeleg kryss med ein skiltstolpe.

4.2 Tilråding

Uansett korleis ein definerer ein naturattraksjon er det berre nokre få i Norge som kan vise til liknande besøkstal, slik høyrer turmålet «Briksdalsbreen» heime i ein øvre klasse nasjonalt. Med ein svært stor del utanlandske turistar blir bilde frå heile dalføret kvart år delt i eit stort antall over heile verda. Bruken av tilførde element, og korleis ein tek i vare kulturlandskapet er ikkje utan betydning. Vår tilråding er at ein overalt der det er mogleg nyttar gamle byggjeteknikkar. Så må ein sjølvstundt ha ei praktisk tilnærming, og ta i bruk notidas verktøy for å få dette til. Men ein kan likevel bygge på ein naturleg og skånsam måte som samstundes varetek både historisk tradisjon og det praktiske behovet ein har i dag.

Jf. Miljødirektoratet si kartløyising naturbase ligg austre del av stien i aktsemdsone for flaum. Buffersoner er nokså grovt skissert. Topografien med djupt elvegjøl omkransa av bratte sva gjer til at Briksdalselva aldri vil kunne gjere skade langs Keisar Wilhelms-sti. Av økologiske omsyn, og som buffer mot flaum og erosjon skal det sjølvstundt stå att ein god stripe med kantvegetasjon mot alle store vassdrag. I nærleik til Briksdalselva må ein derfor sjølvstundt ta omsyn til dette ved ei utsiktsrydding.

Det første ein må gjere langs sti-traseen er å rydde skog. Dette har spesielt to formål. Det viktigaste er at ein må fjerne dei store trea som har eit rotsystem som kan vere med på å skyve/løfte dei gamle murane ut av stilling og gjere dei ustabile. Det andre formålet er at ein må gjere det store og flotte arbeidet synleg. Dei gamle murane langs denne stien, og elles i Briksdalen, er eit av dei største

kulturminna i dalføret. Dei må takast i vare og synast fram. Ved restaurering må ein berre nytte gamle teknikkar. Store tre som ikkje har eit rotsystem som kan truge dei gamle tørrmurane bør stå att, slik at desse tek næring og lys og hindrar oppslag av nytt kratt. Med på kjøpet får ein en sti som tørkar raskare opp, og betre utsikt til den flotte Kleivafossen og resten av dalføret.

Gjennom mange ti-år har overflatevatnet gjort mykje skade langs stisporet. Slik den ligg i dag fangar sti-sporet vatnet, og på dagar med mykje nedbør dannar det seg bekkar i sti-sporet. Får ein kontrollert vatnet og sendt det ut redusera ein erosjon, og heile område langs støttemurane blir også tørrare. Dette vil hjelpe på i forhold til å hindre ising, teledanning som kan skade/flytte på støttemurar. På synfaring såg ein ut frå terrengformasjonar åtte openberre stadar der ein må legge inn stikkrenner. Her er truleg behov for fleire, å gjere synfaring etter ein periode med sterk nedbør er fornuftig. Får ein også sterk nedbør gjennom anleggsfasen kan ein få gode svar vedrørende dette. Men som med alle slike anlegg er det lurt å ta høgde for at ein kan gå inn eit år etterpå å justere/legge inn ekstra stikkrenner.

Ved ei restaurering i dag er vår tilråding å halde fram med ein sti utan bruk av trappetrinn. Dersom det er nødvendig kan ein legge inn nokre få trinn langs dei brattaste stadane, men då ikkje i heile stien si bredde. Det må nyttast grus av ein god kvalitet, skal grusen setje seg godt på dei brattaste stadane må ein ned i fraksjonsstorleik 0-16mm. Med eit stabilt dekke som set seg godt får ein ned vedlikehaldet over tid.

Ved vegskilje nede startar Keisar Wilhelms-sti med god bredde. Første 45 meter har her vore oppover ei gravemaskin/traktor. Her er laga ei langsgående sidegrøft på hengsida, og langs distansen ligg tre stikkrenner av rør som er blenda vekk. Som toppdekke er her steinsti med store trinn med lavt opptrinn. Tilråding her er å reinske opp grøfter/stikkrenner, og erstatte steinheller med grusdekke. Dersom det er nødvendig kan ein sikre blottlagd jord på hengsida med heller. Nokre meter forbi enden av der ein tidlegare har vore med maskiner må leggest inn ei grunn stikkrenne.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 9. Nedre del av stien. God bredde med langsgående grøft på hengside. Nede skimtar ein «hovudvegen».

Vidare buar stien svakt over i meir sør-vestleg retning, og her ser ein verkeleg korleis vatnet over mange tiår har jobba. Stisporet er senka djupt i forhold til ytterkant, i periodar med sterk nedbør renn her ein liten bekk. Ein må heve stien og få til eit godt fall utover, på dei brattaste stadane kan ein vurdere å legge inn spaltar for å sikre ekstra mot utvasking. Med einsarta overflate av grus kan spaltane vere eit element som er med på å bryte opp det visuelle inntrykket, og gje eit meir variert og naturleg inntrykk. Ein må også vurdere om her er behov for ei langsgåande stikkrenne.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 10. Vatnet har grave djupt langs stisporet. Vatnet skal fangast opp av stikkrenner, men i tillegg må ein ved hjelp av pukke heile vegen heve terrenget og skape fall utover.

Vidare opp kjem ein langs eit sva der stien smalnar inn. Her må det truleg breddast ut litt for å kome gjennom med små maskiner. Heile vegen må ein demontere gjerdet midlertidig for å gjere plass til å svinge seg rundt med maskinelt utstyr. Rett før sti begynner å gå langs sva må leggst ei stikkrenne.



Bilde 11.

Langs første sva ein kjem til må ein truleg skape litt betre bredde for å til passasje for maskiner.

Foto: Utmarksressurs AS

Etter sva treng ein ny stikkrenne. Det kan også vere behov for ei langsgående renne ned mot denne stikkrenna. Vidare opp mot svingen lar det seg enkelt gjere å legge ein grus-sti. Midt i svingen er ei idyllisk og naturleg flate, med den fine utsikta er det eit naturleg stopp-punkt. I anleggsfasen vil denne staden bli nytta som snuplass, vi tilrår å gruse opp flata då det likevel vil bli slitasje her. Dersom ein ønskjer kan ein enkelt få til ein avstikkar mot eit utsiktspunkt mot fossen i svingen. Avstikkaren bør då leggst i utgongen av svingen, og stige svakt i starten før ein flatar ut. I enden er ei lita flate der ein kjem veldig nær fossen, ein får eit syn som ein ikkje allereie har langs vegane i Briksdalen.



Bilde 12.

Mot den store svingen om lag halv-vegs kjem ein til eit naturleg stopp-punkt (øvre kant av bilde) der ein med fordel kan legge til rette med ei utviding. Her vil uansett bli slitasje på denne staden.

Foto: Utmarksressurs AS

Gjennom neste store sving går stien nordover, og i dette område vart det største arbeidet lagt ned. Her går ein imponerande støttemur i 25 meters lengde. Og etter svingen ligg ein kortare men over 2 meter høg støttemur, denne på høgre sida av stien. Ein bør legge inn ei langsgående sidegrøft på austsida av svingen, slik at ein sikrar at vatn som kjem ovanfrå blir leda vekk utan att ein får det att lavare nede.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 13. Ein lang og flott støttemur ligg på dalsida (sjå også bilde framside). Denne må ryddast fram i dagen. Dersom den store bjørka ikkje har eit rotsystem som øydelegg støttemur, så er tilråding at den får stå for å hindre oppslag av kratt.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 14. Ut av svingen stiger stien brattare opp, støtta opp av ein flott og over to meter høg mur.

Ovanfor den store svingen traversera stien vidare 80 meter i sørvestleg retning til ein når sva ved elva. I dette område smalnar det på ny inn, truleg er her behov for å fjerne litt av fjellet for å få god nok breidde for små maskiner. Dersom det ikkje går å kome gjennom med maskiner er det fullt mogleg å bygge denne korte distansen langs svaberget manuelt. Gjerdet må takast ned midlertidig. Her må leggest inn tre stikkrenner, og kanskje nokre spaltar nedanfor rennene som ei ekstra sikring. Det er også mogleg ein må bygge ei langsgåande renne på hengside langs dette partiet. Dersom ein får gjort dette arbeidet med maskiner er stikkrenner ein del av «slutt-pussen» ein tek på retur.



Bilde 15.

I øvre del er ein distanse som er smalare enn resten av stien. På hengside er fast fjell. Dersom ein ikkje får jobba seg forbi med maskiner går det fint å opparbeide dette partiet manuelt.

Foto: Utmarksressurs AS

Rett før ein kjem opp på sva har ein fått slitasje i nedkant av den opprinnelege traseen. Her må ein litt inn i bakken for å få lagt stien tilbake der den skal ligge. Dersom ein ikkje møter fast fjell på hengside legg ein steinheller mot blottlagt skjering på hengside.



Bilde 16.

I øvre del, før ein rundar og kjem opp på kanten, må ein legge stien høgare og tilbake der den ein gong låg.

Foto: Utmarksressurs AS

Passering over sva, like før ein kjem opp på høgaste punkt før ein går bakover, ser ein et det er mina ut frå fjellet for å skape trinn og betre framkomst over glatte sva. Ved ei restaurering i dag hevar ein inngongen noko i forhold til korleis den ligg i dag, slik at ei kan kome inn på dette glatte svaet noko høgare. Dersom nødvendig forlengar ein eksisterande støttemur rundt sving.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 17. Ein hevar dette partiet litt i forhold til korleis det ligg i dag, slik at ein kjem høgare inn mot sva i utgangen av svingen.

Mot siste del før ein møter vegen oppe ved Kleivane fjernar ein tre og legg stien inn til berget. Heile tida med fall utover mot elva. Sjølv om nedslagsområde for vatnet som drenera ut på det lave punktet 30 meter før enden ikkje er stort, så treng ein legge inn ei stikkrenne. Mot elva på dette punktet er det mura opp ein flott støttemur, på denne måten har ein fått betre inngong mot den siste hylla før Keisar Wilhelms-sti møter Kleivavegen. Dersom ein ryddar litt her får ein synt fram denne muren, frå brua ligg den godt synleg.



Bilde 18. Ryddar for tre og legg stien inn mot berget.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 19. Mot elva er det mura opp ein flott støttemur. Med litt skogrydding vil ein få denne flotte muren fram i lyset.

Med dei veldig solide støttemurane som er laga langs Keiser Wilhelms-sti er auka bruk ikkje noko problematisk med tanke på bevaring, bevaring og bruk kan gå hand i hand. Dersom ein tenker at stien skal innby til bruk ovanfrå må starten oppe spegle kva ein får vidare nedover. Det er nærliggande å tru at her ein gong har vore mura oppover mot svaberg. For å få god avstand til brua bør ein ved ei restaurering i dag skape plass for ein breiare og betre inngong lengst til høgre vist på bilde 19. Ein må truleg på plass med ein lav støttemur. I tillegg bør det etablerast eit skikkeleg kryss med ein skiltstolpe. I utforming (form/farge) må skilt på stolpe harmonere med alle andre skilt i Briksdalen.



Foto: Utmarksressurs AS


Bilde 20. Dersom ein tenker at Keiser Wilhelms-sti skal innby til bruk ovanfrå må starten oppe spegle kva ein får vidare nedover. Til liks med ved krysset nede, bør her etablerast eit skiltpunkt.

5 Kjelder

- Restaurering av patentrute, Kattanakken, Jostedalsbreen nasjonalpark. Utmarksressurs AS 2018
- briksdal.no/historia
- lokalhistoriewiki.no/wiki/Briksdal_fjellstove
- stryn.kommune.no/_f/p1/i9d82f342-0776-472c-85ed-d8a15b07ecf3/kommunedelplan-for-kulturminne-2017.pdf
- kart.naturbase.no

6 Vedlegg

Vedlegg: Kart, Oversikt Keisar Wilhelms-sti



Keisar Wilhelms-sti

Kleivane

Brikسدalselva

Kleivafossen

Brikسدalen

Oversikt Keisar Wilhelms-sti, Brikسدal

- Keisar Wilhelms-sti
- Eksisterande stikkrenner
- Nye stikkrenner



Utmarksressurs AS
www.utmarksressurs.no
tlf. 90 58 89 82
post@utmarksressurs.no